

Sak 8 Vedtektsendring

Innsendt av fylkesstyret:

Framlegg til vedtak:

§6 punkt 1 vert fjerna. Dermed vert øg §6 punkt 2 endra til ny §6 punkt 1.

Grunngjeving:

Det at eit styremedlem vert valt inn med økonomi som arbeidsområde er eit krav som vart satt inn fordi det var behov for det den gong. I ettertid ser ein at denne vedtektta gjer arbeidet meir vanskeleg for valnemnda, og det er betre at fylkesstyret fordeler denne oppgåva mellom seg på lik linje med andre oppgåver. Arbeidsområdet er allereie dekka inn under §3 punkt 8 underpunkt b og d.

Går endringsforslaget igjennom vil §6 endre seg frå:

§ 6. 4H Sogn og Fjordane sine eigne avgjerder

1. Tillegg til §2 punkt 10., n), ii:
Eit av styremedlemene vert valt inn i styret med økonomi som ansvarsområde
2. Tillegg til §3 punkt 8.:
j) Leggje til rette for og styrke 4H-nemndene i kommunane

Til:

§ 6. 4H Sogn og Fjordane sine eigne avgjerder

1. Tillegg til §3 punkt 8.:
j) Leggje til rette for og styrke 4H-nemndene i kommunane

Det er ikkje kome inn andre forslag til vedtektsendringar innan fristen.